

SAK 04-15 GJENNOMFØRING SYKKELPROSJEKT OG PROFILERINGSPROSJEKT LANGRENN

Saksopplysning

Med bakgrunn i søknad frå Visit Hallingdal handsama Regionrådet for Hallingdal m.a. tilskot til sykkelprosjekt og profileringss prosjekt langrenn, i sak 46-14. Det vart gjort slikt vedtak:

1. *Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd totalt inntil kr.775.000 til Visit Hallingdal til følgjande produktutviklingsprosjekt:*
 - a. Sykkelprosjekt kr. 300.000
 - b. Profileringsprosjekt langrenn kr. 300.000
 - c. Felles fotodatabase kr. 105.000
 - d. Turguiding for barn kr. 70.000
2. *Profileringss prosjekt langrenn og fotodatabase blir gjennomført i samarbeid med Regionrådet for Hallingdal*
3. *Tilskotet blir finansiert av partnarskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2014.*
4. *Regionrådet for Hallingdal ber om at det blir vurdert fleire aktuelle samarbeidsaktørar for ein felles fotodatabase.*
5. *Prosjektplan med organisering blir lagt fram for Buskerud fylkeskommune/Regionrådet for dei einskilde delprosjekta, før igangsetting.*

Sjølv om Visit Hallingdal er historie kan det vera aktuelt at tiltak blir gjennomført.

I regionrådsmøte 19.12 vart det bestemt at det skulle lagast eigen sak til januarmøte, i forhold til prosjekt Regionrådet har forslått at det blir nytta midlar til.

Sykkelprosjekt

Terrengsykling er sterkt aukande i popularitet og blir vurdert å ha stort potensiale i Hallingdal, som eit viktig tilbod i reiselivssamanheng. Målsettinga er å utvikle Hallingdal til Norges leiande terrengsykkelregion.

I 2012/13 gjennomførte Visit Hallingdal (då Hallingdal Reiseliv) ei forstudie for å sjå på mogelegheitene for ei mogeleg sykkelsatsing. Forstudia synter at terrengsykling er ein volumaktivitet i stor vekst. Som følgje av Hallingdal sin omfattande reiselivsretta infrastruktur og -servicetilbod, transport, naturgjevne føresetnadnar og aktivt terrengsykkelmiljø, indikerte forstudia at Hallingdal har eit svært gunstig utgangspunkt for å bygge ein posisjon i denne markanden. Visit Hallingdal vidareførte arbeidet med dialog med reiselivsaktørar, grunneigarar og frivillige, for å sjå på mogelegheitene for vidare felles satsing. I dette arbeidet er potensialet i sterkare grad synleggjort og det er stadfesta ein stor vilje i næringa til å satse mot terrengsykling.

Ordførar Tor Magnussen har i notat 23.12.2015 kome med eit innspel på korleis sykkelprosjektet kan organiserast og gjennomførast (vedlegg 1).

Utgangspunktet er at organisasjon og aktivitetar er eit internt forhold i Hallingdal, ut frå at nødvendige kvalifikasjoner og ressursar finns i Hallingdal. Prosjektet er foreslått organisert med politisk overordna prosjektansvarleg og ei styringsgruppe med tre rådmenn. I tillegg skal det utpeikast ein prosjektleiar, prosjektplangruppe med aktivitetsansvarleg for kvar kommune i tillegg kommunale arbeidsgrupper. Prosjektplangruppa utarbeidar prosjektplan med budsjett som blir lagt fram for Regionrådet og Buskerud fylkeskommune for godkjenning.

Det blir ikkje vurdert som føremålstenleg at det blir engasjert et konsulentfirma (Sveitsisk) for å utarbeide masterplan for sykkeldestinasjonen Hallingdal, slik det er skissert i opprinnelige søknad.

Med bakgrunn i tidlegare søknad og attendemeldingar frå reiselivsnæringa vart det arrangert møte 15.1.2015, der alle destinasjonsselskapene deltok (vedlegg 2). Føremålet var å få synspunkt på om sykkelprosjekt og langrennsprosjektet framleis var aktuelle og korleis prosjekt kunne gjennomførast i forhold til m.a. deltaking, innhald, økonomi, framdrift og rollar/ansvar.

Konklusjonar frå møte med destinasjonsselskapene vedr. sykkelprosjekt

Konklusjonar frå møte var eintydige og positive:

- Sykkelregion Hallingdal vil kunne omfatte alt frå Rallarvegen til det mest ekstreme innan terrengsykling, med aktørar som Nesbyen Freeride og Hillbilly Huckfest.
- Terrengsykkel er eit internasjonalt satsingsområde
- Dei må handsamast som terrengsyklistar og ikkje som «vanlege» syklistar.
- Infrastruktur er heilt avgjerande.
- Må tenke større enn destinasjon bevegar seg over større avstandar
- Prosjektet vil kunne delast inn i følgjande fasar:
 - Skapa forankring
 - Oversikt og vurdering av tilbod i Hallingdal i dag og vurdering av kva som manglar eller må utviklast.
 - Vurdering av relevante aktørar og samarbeidsmogelegheiter
 - Definere målgrupper, marknadar
 - Gjennomføre ei analyse som grunnlag for ein konkret tiltaksplan
 - Tiltaksplan
- Det vart tydeleg signalisert at det var stor interesse for å koma i gang med ei felles satsing, der mykje kan gjerast likt sjølv om ein er ulike. Styrker og ulikheitar må kunne dyrkast. Viktig å satse på det me allereie har og bygge opp rundt dette.
- Fyrste skritt vil vera å skapa forankring og gjennomføre ei analyse som grunnlag for ein konkret tiltaksplan.
- Det kan vera aktuelt å nytte spesialutvikla verktøy i dette arbeidet, MTB Agent.
- Det vil vera viktig å nyttiggjera seg den lokalkunnskap og kompetanse som er i Hallingdal. I tillegg kan det vera aktuelt å nytte rådgjevarar med spesialkunnskap om temaet.
- Destinasjonsselskapene såg det som naturleg og heilt avgjerande at sykkelprosjektet var ein del av ei felles satsing som næringa var sterkt delaktig i. Det vart gjeve klare signal om at alle destinasjonane måtte vera med i styringsgruppen i tillegg var det eit ynskje at ein av destinasjonane tok eit prosjektansvar, event. Regionrådet. Både Geilo og Ål signaliserte vilje til å ta dette ansvaret. Det var og eit ynskje at Regionrådet med Hallingdal 2020 var med i styringsgruppen.

- Destinasjonane vurderte det som nødvendig å engasjere ein prosjektleiar.
- Destinasjonane stilte seg bak tidelegare forslag til finansiering med kr. 25.000 på kvar destinasjon, i tillegg til eigeninnsats.
- Det vart vurdert som realistisk at prosjektet vart gjennomført i 2015.

Total kostnad for prosjektet er sett til kr. 600.000.

- Partnarskapsavtale kr. 300.000
- Destinasjonane kr. 150.000
- Eigeninnsats kr. 150.000

Langrennsprosjektet

Hallingdal har i dag eit omfattande og godt utvikla løpenett som blir vurdert å ha stort potensiale på tvers av regionen. Det er ynskjeleg med eit eige profileringsprosjekt som i 2015 skal gjennomføre følgjande tiltak:

- På www.skisporet.no skal Hallingdal stå fram som ein region.
- Utarbeide felles langrennsbrosjyre for Hallingdal, fleire språk
- Utarbeide felles langrennskart for Hallingdal, fleire språk
- Utarbeide online skikart for Hallingdal
- Deltaking på stand/messer i utlandet for å fremme langrennsregionen Hallingdal
- Aktiv annonsering i sosiale media

Konklusjonar frå møte med destinasjonsselskapa vedr. langrennsprosjekt

- Det vart tydeleg signalisert at det var stor interesse for å koma i gang med ei felles satsing som skissert i skisse profileringsprosjekt. Hemsedal vil vurdere deltaking.
- I tillegg til at Hallingdal har noko av det beste skiløpenettet i landet har me og nokon av dei aller største skiarrangementa i landet. Dette må synleggjerast og utviklast.
- Viktig at skikarta blir gjort «sømløse» i heile regionen, må og vurdere fysisk kart for heile Hallingdal.
- Ynskje om at Hallingdalsløypa blir inkludert i prosjektet.
- Også her vil det vera viktig å nyttiggjera seg den lokalkunnskap og kompetanse som er i Hallingdal.
- Destinasjonsselskapa såg det som naturleg og heilt avgjerande at sykkelprosjekt var ein del av ei felles satsing som næringa var sterkt delaktig i.
- Det vart gjeve klare signal om at alle destinasjonane måtte vera med i styringsgruppa og det ville vera positivt at styringsgruppa er felles på sykkel og langrenn. Det var og eit ynskje at Regionrådet med Hallingdal 2020 var med i styringsgruppa.
- Både Geilo og Ål signaliserte vilje til å ta prosjektansvaret. Destinasjonane vurderte det som nødvendig å engasjere ein prosjektleiar.
- Destinasjonane stilte seg bak tidelegare forslag til finansiering med kr. 60.000 (5 stk) på kvar destinasjon.
- Det vart vurdert som realistisk at prosjektet vart gjennomført slik at tiltak vart klart til neste sesong.

Total kostnad for prosjektet er sett til kr. 600.000.

- Partnarskapsavtale kr. 300.000
- Destinasjonane kr. 150.000
- Eigeninnsats kr. 150.000

Fotodatabase

Felles fotodatabase er eit tiltak som både reiselivet, regionrådet og t.d. bygdearkiva kan ha nytte av og samarbeide om. Før eit konkret tiltak event. blir starta må det vurderast nærmere m.a. behov, aktuelle samarbeidspartar, organisering, drift og kostnadars.

Turguiding-prosjektet for barn

Målet med prosjektet er å gi både foreldre og barn eit større utbytte av ferien. Tanken er å gi både foreldre og barn ein optimal dag i fjellet. I tillegg er målet å formidle kulturelt bodskap og sunne opplevingar til turistar, lokalbefolkning og barn av m.a. asylsøkarar.

Idégrunnlag for prosjektet er følgjande:

- Eit utval studentar ved Hallingdal folkehøgskole vil etter avslutta skuleår få tilbod om sommarjobb som turguidar for barn. Lokale overnattingsstedar står ansvarleg for tilsetting av turguidar.
- Gjennom skuleåret vil Hallingdal folkehøgskole gjennomføre kurs for studentar for å klargjera dei som turguidar. Her vil lokale historielag, kulturaktørar, museumslag og andre vera viktige bidragsytarar for at innhaldet på turane skal bli best mogeleg.
- Turane skal gjennomførast på utvalte stader i Hallingdal, der målet med turane m.a.er historisk, lokalt og kulturelt innhald.

Før eit konkret tiltak event. blir starta må det vurderast nærmere kven som event. tek eit prosjektansvar, aktuelle samarbeidspartar og organisering.

Vurdering

For Hallingdal er det avgjerande å utvikle gode og framtidsretta aktivitetstilbod også på summaren. Aktivitetsbaserte naturopplevingar er ein av Hallingdal sine store styrker som utan tvil kan utviklast vidare både sumar og vinter. Her må Hallingdal utnytte sine naturgjevne fortrinn og den infrastruktur og tilrettelegging med m.a. servicetilbod som allereie er etablert. Utvikling av terrengsykling kan vera med å utnytte vore fortrinn i eit heilårsperspektiv. Ut frå det potensialet terrengsykling er vurdert til å ha i Hallingdal og at dette er ei satsing som er godt forankra verkar dette som ei fornuftig satsing.

Men det er sjølv sagt avgjerande at reiselivsnæringa ser på dette som interessant og er villig til å ta eit tak. Etter dagleg leiar sitt syn er det også ei løysing å gjennomføre prosjektet i kommunal regi, men så lenge destinasjonsselskapet ynskjer å ta ansvar bør det vera ei betre løysing. Prosjektet er i stor grad eit reiselivsprosjekt og det blir og vurdert som positivt at destinasjonane ynskjer å gjennomføre dette som felles prosjekt i Hallingdal.

Prosjektet vil kunne delast inn i følgjande fasar:

- Skapa forankring
- Oversikt og vurdering av tilbod i Hallingdal i dag og vurdering av kva som manglar eller må utviklast.
- Vurdering av relevante aktørar og samarbeidsmogelegheiter
- Definere målgrupper, marknadar
- Gjennomføre ei analyse som grunnlag for ein konkret tiltaksplan
- Tiltaksplan

Ordførar Tor Magnussen har i sitt notat vurdert det som lite føremålstenleg å utarbeide masterplan for sykkeldestinasjonen Hallingdal, slik det var skissert i opprinnelig søknad. I møte med destinasjonane vart det og signalisert at behovet først og fremst er ei analyse som grunnlag for ein konkret tiltaksplan.

Når det gjeld organisering av sykkelprosjektet blir det vurdert som naturleg at ein av destinasjonane tek prosjektansvaret, ut frå dei signal som er gjeve blir Visit Geilo foreslått. Styringsgruppa blir foreslått sett saman med ein representant frå kvart destinasjonsselskap i tillegg at Regionrådet med Hallingdal 2020 er med i styringsgruppa. Det må og etablerast arbeidsgrupper i den einskilde kommune, noko det vil vera naturleg at den einskilde destinasjon for ansvaret for.

Før arbeidet blir sett i gang må det utarbeidast prosjektplan med organisering, som blir lagt fram for Buskerud fylkeskommune/Regionrådet.

Ingen land i verden har så mange gode langrennsområde som Norge. Kommunane i Hallingdal har eit omfattande skiløypenet som i høgsesongen er i overkant 200 mil! Med dette utgangspunktet bør kanskje Hallingdal ha som mål å bli verdens beste langrennsregion? I sterke grad å sjå heile Hallingdal i langrennssamanheng bør vera innlysende og ei styrke for alle, så sant alle leverar eit kvalitetsprodukt. Ei slik satsing blir vurdert som positiv og kan vera starten på ei tydelagre profilering av Hallingdal som langrennsregion nr.1.

Det er ynskjeleg med eit eige profilingsprosjekt som i 2015 m.a. skal gjennomføre følgjande tiltak:

- På www.skisporet.no skal Hallingdal stå fram som ein region.
- Utarbeide felles langrennsbrosjyre for Hallingdal, fleire språk
- Utarbeide felles langrennskart for Hallingdal, fleire språk
- Utarbeide online skikart for Hallingdal
- Deltaking på stand/messer i utlandet for å fremme langrennsregionen Hallingdal
- Aktiv annonsering i sosiale media

Det blir vurdert som svært positivt at destinasjonsselskapa også her ynskjer å ta ansvar for prosjektet, som først og fremst er eit reiselivsprosjekt.

Når det gjeld organisering av langrennsprosjektet blir det vurdert som naturleg at ein av destinasjonane tek prosjektansvaret, ut frå dei signal som er gjeve blir Ål Utvikling foreslått. Styringsgruppa blir foreslått sett saman med ein representant frå kvart destinasjonsselskap i tillegg at Regionrådet med Hallingdal 2020 er med i styringsgruppa. Det må etablerast arbeidsgrupper i den einskilde kommune noko det vil vera naturleg at den einskilde destinasjon for ansvaret for.

Før arbeidet blir sett i gang må det utarbeidast prosjektplan med organisering, som blir lagt fram for Buskerud fylkeskommune/Regionrådet.

Forslag til vedtak

- 1.a. Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd 50% av kostnadane til sykkelprosjekt Hallingdal, innanfor ei øvre ramme på kr. 300.000.
Tilskotet blir finansiert av partnarskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2015.
- 1.b. Visit Geilo skal vera prosjektansvarleg for sykkelprosjekt Hallingdal.
- 1.c. Styringsgruppe for sykkelprosjekt Hallingdal skal vera med ein representant frå kvart av destinasjonsselskapen i Hallingdal i tillegg prosjektleiar for Regionrådet sitt prosjekt Hallingdal 2020.
- 1.d. Før prosjektarbeidet blir sett i gang skal det utarbeidast prosjektplan med organisering, som blir lagt fram for Buskerud fylkeskommune/Regionrådet.
- 1.e. Prosjektet skal vera avslutta i 2015.

- 2.a. Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd 50% av kostnadane til profileringsprosjekt langrenn, innanfor ei øvre ramme på kr. 300.000.
Tilskotet blir finansiert av partnarskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2015.
- 2.b. Ål Utvikling skal vera prosjektansvarleg for profileringsprosjekt langrenn.
- 2.c. Styringsgruppe for profileringsprosjekt langrenn skal vera med ein representant frå kvart av destinasjonsselskapen i Hallingdal i tillegg prosjektleiar for Regionrådet sitt prosjekt Hallingdal 2020.
- 2.d. Før prosjektarbeidet blir sett i gang skal det utarbeidast prosjektplan med organisering, som blir lagt fram for Buskerud fylkeskommune/Regionrådet.
- 2.e. Prosjektet skal vera avslutta i 2015.

Ål 22.1.2015

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg 1: Notat 23.12.2015 fra ordførar Tor Magnussen

Vedlegg 2: Møtenotat 21.1.2015, sykkelprosjekt, profileringsprosjekt langrenn

Innspill til SYKKELPROSJEKT fra Ordfører Tor Magnussen, Nes kommune.

Innspillet er begrunnet i regionrådets vedtak 46/14 og det faktum at «VISIT HALLINGDAL» er nedlagt.


Det er i Regionrådets vedtak foreslått bevilget kr. 600.000,- for gjennomføring av «SYKKELPROSJEKT». Det er videre forutsatt at prosjektorganisasjon og prosjektplan skal fremlegges for Buskerud fylkeskommune og Regionrådet for godkjenning før igangsetting.

Dette innspill forutsetter at prosjektets organisasjon og aktiviteter er et internt forhold i Regionen. Begrunnelsen for dette er at jeg mener de nødvendige kvalifikasjoner og ressurser finnes i våre 6 kommuner.

1.- FORSLAG TIL ORGANISERING.

- 1.1.- Prosjektet ledes av politisk overordnet prosjektansvarlig (Ordfører Tor Magnussen)
- 1.2.- Det etableres en styringsgruppe bestående av 3 – tre utvalgte rådmenn.
- 1.3.- Det utpekes en «PROSJEKTLEDER» som er faglig ansvarlig for arbeidet i prosjektet.
- 1.4.- Prosjektarbeidsgruppe bestående av en aktivitetsansvarlig for hver kommune.
- 1.5.- Kommunale arbeidsgrupper for gjennomføring av aktiviteter og tiltak i den enkelte kommune.

PROSJEKTORGANISASJON.



2.- UTARBEIDELSE AV PROSJEKTPLAN.

2.1.- Det utpekes en «sykkelkvalifisert» person fra hver kommune som danner «Prosjektplangruppe», gjerne den samme som forutsettes å være aktivitetsansvarlig i hver kommune.

(Eks. for Nes kommune utpekes Ove Grøndahl, Nesbyen Freeride.)

2.2.- Politisk prosjektansvarlig innkaller «Prosjektplangruppen», som gjennomgår aktuelle «prosjektaktiviteter» og utarbeider prioritert aktivitetsliste for hver kommune, med kostnadsoverslag.

2.3.- Prosjektplangruppen utarbeider omforent prosjektplan, med budsjett for «SYKKELPROSJEKT HALLINGDAL».

Prosjektplan etableres i MS-Project, med aktiviteter, tid, ressurs og avhengighet.

2.4.- Prosjektplan med budsjett forelegges Regionrådet og Buskerud fylkeskommune for godkjenning.

3.- Gjennomføring av «SYKKELPROSJEKT HALLINGDAL».

3.1.- Etablering av alle organisatoriske ledd i prosjektorganisasjonen.

3.2.- Definisjon og beskrivelse av alle prosjektaktiviteter.

3.3.- Gjennomføring av prosjektaktiviteter.

3.4.- Oppfølging i henhold til omforent prosjektplan i ressurs, tid og kostnad.

3.5.- Rapportering til Regionråd / BFK.

Det er å håpe at en gjennomtenkt prosjektplan som ved gjennomføring skaper «SYKKELDESTINASJON HALLINGDAL» vil kunne få de nødvendige prosjektmidler ut over det som nå er bevilget.

Det anses ikke som hensiktsmessig, som tidligere angitt at det engasjeres et konsulentfirma (Sveisisk) for utarbeidelse av en «MASTERPLAN» for sykkeldestinasjonen Hallingdal. Konf. Trysil kommune og «Trysil Bike Arena» til 20 – 25 mill.

Jeg har stor tro på at vi i Hallingdal kan få mye ut av dette prosjektet og håper at Regionrådet gir sin tilslutning til dette forslag.

Jeg ser dessuten ikke bort fra at det prinsipielle i forslaget kan gjennomføres også for «Profileringsprosjekt Langrenn»!

Nesbyen 20141223

Tor Magnussen, sign

MØTENOTAT

Sykkelprosjekt, profileringsprosjekt langrenn

Møtedato: Torsdag 15.1.2015, kl. 13:00 – 15:30

Stad: Gol kommune, kommunestyresalen

Desse møtte:

Pål Knutsson Medhus,	Visit Geilo
Kari Grete Kleivstøl,	Ål Utvikling
Frode Bjelland,	Gol Reisemål
Anneli Rosberg Vøllo,	Hemsedal Turistkontor
Solveig Hjallan,	Nesbyen Turistkontor
Simen Hagberg,	Visit Flå
Ulrikke Ytteborg	Regionrådet for Hallingdal
Knut Arne Gurigard	Regionrådet for Hallingdal

1. Bakgrunn

Med bakgrunn i søknad frå Visit Hallingdal handsama Regionrådet for Hallingdal m.a. tilskot til sykkelprosjekt og profileringsprosjekt langrenn, 26.9.2014. Det vart gjort slikt vedtak:

1. *Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd totalt inntil kr. 775.000 til Visit Hallingdal til følgjande produktutviklingsprosjekt:*
 - a. *Sykkelprosjekt kr. 300.000*
 - b. *Profileringsprosjekt langrenn kr. 300.000*
 - c. *Felles fotodatabase kr. 105.000*
 - d. *Turguiding for barn kr. 70.000*
2. *Profileringsprosjekt langrenn og fotodatabase blir gjennomført i samarbeid med Regionrådet for Hallingdal*
3. *Tilskotet blir finansiert av partnarskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2014.*
4. *Regionrådet for Hallingdal ber om at det blir vurdert fleire aktuelle samarbeidsaktørar for ein felles fotodatabase.*
5. *Prosjektplan med organisering blir lagt fram for Buskerud fylkeskommune/Regionrådet for dei einskilde delprosjekta, før igangsetting.*

Sjølv om Visit Hallingdal er historie vurdera Regionrådet at både sykkelprosjekt og langrennsprosjektet er viktige tiltak for Hallingdal, som bør vera aktuelle å gjennomføre, og som kan vera positive konkrete tiltak. Men det er sjølv sagt avgjerande at reiselivsnæringa ser på dette som interessant og er villig til å ta eit tak. For å koma vidare var det viktig å få synspunkt frå reiselivsnæringa i forhold til m.a. deltaking, innhald, økonomi, framdrift og rollar/ansvar.

2. Sykkelprosjekt

Lars Wraae Jensen tidelegare prosjektleiar i Visit Hallingdal orienterte om forslag til sykkelprosjekt Hallingdal, vedlagt presentasjon.

Ny målgruppe => Special interest, terrengsykkel

- Terrengsykkel er eit internasjonalt satsingsområde
- Dei må handsamast som terrengsyklistar og ikkje som «vanlege» syklistar.
- Infrastruktur er heilt avgjerande.
- Må tenke større enn destinasjon bevegar seg over større avstandar

Sykkelregion Hallingdal vil kunne omfatte alt frå Rallarvegen til det mest ekstreme innan terrengsykling, med aktørar som Nesbyen Freeride og Hillbilly Huckfest.

Prosjektet vil kunne delast inn i følgjande fasar:

- Skapa forankring
- Oversikt og vurdering av tilbod i Hallingdal i dag og vurdering av kva som manglar eller må utviklast.
- Vurdering av relevante aktørar og samarbeidsmogelegheiter
- Definere målgrupper, marknadar
- Gjennomføre ei analyse som grunnlag for ein konkret tiltaksplan
- Tiltaksplan

Konklusjonar

- Det vart tydeleg signalisert at det var stor interesse for å koma i gang med ei felles satsing, der mykje kan gjerast likt sjølv om ein er ulike. Styrker og ulikheitar må kunne dyrkast. Viktig å satse på det me allereie har og bygge opp rundt dette.
- Fyrste skritt vil vera å skapa forankring og gjennomføre ei analyse som grunnlag for ein konkret tiltaksplan.
- Det kan vera aktuelt å nytte spesialutvikla verktøy i dette arbeidet, MTB Agent.
- Det vil vera viktig å nyttiggjera seg den lokalkunnskap og kompetanse som er i Hallingdal. I tillegg kan det vera aktuelt å nytte rådgjevarar med spesalkunnskap om temaet.
- Destinasjonsselskapa såg det som naturleg og heilt avgjerande at sykkelprosjekt var ein del av ei felles satsing som næringa var sterkt delaktig i. Det vart gjeve klare signal om at alle destinasjonane måtte vera med i styringsgruppa i tillegg var det eit ynskje at ein av destinasjonane tok eit prosjektansvar, event. Regionrådet. Både Geilo og Ål signaliserte vilje til å ta dette ansvaret. Det var og eit ynskje at Regionrådet med Hallingdal 2020 var med i styringsgruppa.
- Destinasjonane vurderte det som nødvendig å engasjere ein prosjektleiar.
- Destinasjonane stilte seg bak tidelegare forslag til finansiering med kr. 25.000 på kvar destinasjon, i tillegg til eigeninnsats.
- Det vart vurdert som realistisk at prosjektet vart gjennomført i 2015.

3. Profileringsprosjekt langrenn

Hallingdal har i dag eit omfattande og godt utvikla løpenett som blir vurdert å ha stort potensiale på tvers av regionen. Det er ynskjeleg med eit eige profiléringsprosjekt som i 2015 skal gjennomføre følgjande tiltak:

- På www.skisporet.no skal Hallingdal stå fram som ein region.
- Utarbeide felles langrennsbrosjyre for Hallingdal, fleire språk
- Utarbeide felles langrennskart for Hallingdal, fleire språk
- Utarbeide online skikart for Hallingdal
- Deltaking på stand/messer i utlandet for å fremme langrennsregionen Hallingdal
- Aktiv annonsering i sosiale media

Konklusjonar

- Det vart tydeleg signalisert at det var stor interesse for å koma i gang med ei felles satsing som skissert i skisse profileringsprosjekt. Hemsedal vil vurdere deltaking.
- I tillegg til at Hallingdal har noko av det beste skiløypenettet i landet har me og nokon av dei aller største skiarrangementa i landet. Dette må synleggjeraast og utviklast.
- Viktig at skikarta blir gjort «sømløse» i heile regionen, må og vurdere fysisk kart for heile Hallingdal.
- Ynskje om at Hallingdalsløypa blir inkludert i prosjektet.
- Også her vil det vera viktig å nyttiggjera seg den lokalkunnskap og kompetanse som er i Hallingdal.
- Destinasjonsselskapa såg det som naturleg og heilt avgjerande at sykkelprosjekt var ein del av ei felles satsing som næringa var sterkt delaktig i.
- Det vart gjeve klare signal om at alle destinasjonane måtte vera med i styringsgruppa og det ville vera positivt at styringsgruppa er felles på sykkel og langrenn. Det var og eit ynskje at Regionrådet med Hallingdal 2020 var med i styringsgruppa.
- Både Geilo og Ål signaliserte vilje til å ta prosjektansvaret. Destinasjonane vurderte det som nødvendig å engasjere ein prosjektleiar.
- Destinasjonane stilte seg bak tidelegare forslag til finansiering med kr. 60.000 (5 stk) på kvar destinasjon.
- Det vart vurdert som realistisk at prosjektet vart gjennomført slik at tiltak vart klart til neste sesong.

Ål 21.1.2015

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar
Regionrådet for Hallingdal